



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-440	19/567

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/19	Arbeidsmiljøutvalet	PS	21.11.2019

Gjennomgang av avviksmeldingar på arbeidsmiljø i perioden 010319-311019

Vedlegg:

Handsaming av avvik mars 19 til okt 19

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Avvik er uønska hendingar. Fedje kommune har ei rutine for avviksregistrering vedteke 18.11.2011 og revidert i 2016 og 2019. Som ein del av oppfølginga skal AMU handsame innsamla statistikk over avviksmeldingar i Fedje kommune. Arbeidsmiljøutvalet kan be om å få meir informasjon og handsame enkeltavvik.

I tråd med rutina skal avvika rapporterast til AMU på risikotal som gjeld tilsette/arbeidsmiljø (i motsetning til det som gjeld brukarar/teneste). Det er på plass frå 01.01.19.

Sjå vedlagte oversikt over avviksmeldingar i perioden.

Vurdering

Det er svært ulikt kor aktivt einingane nyttar avviksmeldingar, og om dei systematisk vert lagt inn i websak og svart på skriftleg.

Dei tilsette melder om mykje forskjellig, også ting som det ikkje er openbart at er avvik verken etter arbeidsmiljølov/forskrifter eller tenesterutinar. Men det har vore eit uttalt ønskje frå Fedje kommune å ha låg «terskel» for å melde avvik – fordi for få meldingar er verre enn for mange.

Det er ikkje alltid like lett å klassifisere avvik. Brot på teieplikt har meir med tenestekvalitet å gjere enn arbeidsmiljø, men det er lett å sjå at dei tilsette kan meine at det har med begge delar å gjere. Det same kan gjeld avviksmeldingar om dårleg bemanning – i dei fleste er meldar opptatt av kva dette har å seie for tenesta til brukarane, men det er jo sjølv sagt også svært relevant for arbeidsmiljøet. Om det er eit avvik, er derimot ikkje alltid sikkert – t.d. når me får avvik på at ein ikkje har rukke alt arbeidet ein skulle gjere ein bestemt.

Den vedlagte rapporten er det teke utgangspunkt i den klassifisering som meldar og nærmaste leiar har gjort av avviket – både i forhold til om det gjeld teneste (som ikkje skal til AMU) eller arbeidsmiljø, og vurderinga av konsekvens og kor sannsynleg det er at det vil skje igjen.



Fedje kommune

Me har framleis litt arbeid att før me kan seie oss godt nøgde med korleis avvikssystemet verkar i Fedje kommune, men me ser at nokre einingar nyttar det svært aktivt, som pleie og omsorg. Ein av områda me kan forbetre oss på, er rapportering på avvik og lukking knytt til teneste/brukarar til rådmannen.

Me har hatt få avvik i raud/gul sone innan arbeidsmiljø i perioden, og alle avvika er handtert og lukka.

Konklusjon

Avvikssystemet viser ingen alvorleg svikt i arbeidsmiljøet i perioden mars-oktober 2019.

Forslag til vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet tek oversikt over avviksmeldingar frå mars 2019 t.o.m. oktober 2019 til vitande.

Arbeidsmiljøutvalet - 013/19

AMU - behandling:

AMU - vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet tek oversikt over avviksmeldingar frå mars 2019 t.o.m. oktober 2019 til vitande.

Samrøystes vedteke.